

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.4.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 14/21. Oppsetjing av ny bru i Nordheimsdalen

Saksopplysning/vurdering:

Fjellstyret er informert om at den brua som vart bygd over elva nedst i Nordheimsdalen i 2014 vart teken av flaum i fjor vår, og ikkje kan vølast eller erstattast med ny på same staden, pga endra grunnforhold i elva. Difor er det vurdert å laga ei ny bru, litt nedanfor der noverande vart bygd. Då er det ei hengebru med 17 m bruspen som er alternativet. Saka har vore drøfta i eit par møte i fjellstyret, utan at det er gjort endeleg vedtak. Det må til, før ein kan setja i gang med noka bruprojekt. Det som er gjort til no, er følgjande:

- Statskog SF som grunneigar er søkt om løyve. Løyvet kom den 25.1.21.
- Aurland kommune er søkt om byggjeløyve. I svaret datert 24.3.21 kom det svar frå kommunen, som opplyste at saka vert lagd ut på høyring med høyringsfrist 12.4.21 før løyve kan gjevast administrativt
- Nærøyfjorden verneområdestyre er søkt om løyve. Handsama av styret den 8.2.21, der positivt vedtak vart gjort.
- Grunneigarfondet til Statskog vart søkt om medverknad til finansiering. Svar motteke den 19.3.21, med tilsegn om 35.000 kroner i tilskot, med vilkår om at tiltaket vert gjennomført innan 2 år.
- Det er innhenta teikningar med spesifikasjonar frå Statskog Nordland (vedlagt).
- Materialliste og budsjett med finansieringsplan ligg føre (vedlagt).

I fjellstyrebudsjettet for 2021 er det ikkje sett av pengar til ny bru – ein vurderte då heller andre alternativ, som å vøla den gamle. Dette har altså synt seg å vera urealistisk. Kostnadsoverslaget som er laga kjem på om lag kr 100.000, fordelt 50/50 på arbeid og materialkostnad/andre utlegg. Med dei 35.000 fjellstyret har fått tilsegn om frå Grunneigarfondet, trengst det omlag kr. 15.000 frå fjellkassa for å koma i mål, dersom ein føreset at kostnadsoverslaget er stemmer. Det ligg an til at noko wire og andre materialar kan skaffast rimeleg, og me har kontakt med dugnadsfolk som kan vera med å gjera jobben i lag med fjelloppsynet, viss oppsynet organiserer arbeidet. Ut frå dette vil eg føreslå at fjellstyret aukar post 7760 Tiltak i allmenningen med kr. 50.000 (frå 20.000 til 70.000) og post 3303 Tilskot frå Grunneigarfondet med kr. 35.000 (frå 15.000 til 50.000). Budsjettert årsresultat vert då endra til kr 0 (frå overskot på kr. 15.000).

SAKSUTGREIING

Aurland fjellslyte

Møtedato: 13.4.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 14/21, side 2.

Framlegg til vedtak:

Når naudsynt byggjeløyve frå kommunen ligg føre, set fjellstyret i gang med bygging av ny hengebru over elva nedst i Nordheimsdalen, i området ved sagi, i samsvar med føreliggjande plan, teikningar og materiallister. Brua vert finansiert m.a. med tilskot frå grunneigarfondet og eigne midlar. I fjellstyrebudsjettet vert post 7760 *Tiltak i allmenningen* auka med kr. 50.000 (frå 20.000 til 70.000) og post 3303 *Tilskot frå Grunneigarfondet* med kr. 35.000 (frå 15.000 til 50.000). Budsjettert årsresultat vert då endra til kr 0 (frå overskot på kr. 15.000).

Fjellstyrekontoret, den 9.4.21

Harald Skjerdal

Budsjett brubygging Nordheimsdalen 2021-22.

Finansieringsplan:

| | |
|--------------------------------------|-----------------|
| Grunneigarfondet | 50000.- |
| Dugnadsinnsats Fjellopsynet og andre | 40000.- |
| Eigne midlar | 10000.- |
| Totalt: | 100000.- |

Kostnader:

| | |
|------------------------------------------------------------|----------------|
| Wirar og diverse nødvendige matrialer for å bygga hengebru | 40000.- |
| Leige av maskiner til brubygging | 5000.- |
| Dugnadsinnsats | 40000.- |
| Transport av matrialer | 5000.- |
| Byggesaksgebyrer | 5000.- |
| Administrasjon | 5000.- |
| Totalt: | 10000.- |

Aurland 29. januar 2021



Håkon Øydvin
Fjellopsyn Aurland fjellstyre
99567650

Matrialliste hengebru Nordheimsdalen

Alle skruer o.l. må vera galvaniserte, treverk impregnert

Tårn på nordsida:

- 1 stk Impregnert rundstokk 13-18 cm x 5 m
- 3m 2 x 4 imp. til avstiving + 20 stk 6x120mm treskruer
- 4 stk Festeboltar til fjell for rundstokk m/ 8 krampar ??
- 1 stk Gjengestål 14 mm m/ 8 stk skiver og muttrar til å feste tverrtre
- 2 stk Skråstag til sideforankring tårn evt. wire restar frå gamlebrua

Sjølve brua:

- 10 stk Fjellbolt 25 mm 50cm. m/ auge og kile + gysemasse
- 5 stk 25 m kranwire 12 mm, brukt Helge Ebne
- 10 stk Kauser til 12 mm wire
- 20 stk Wirelås til 12 mm wire
- 5 stk Strekkfisk 19 mm gjenger
- 10 stk Sjaklar til festing strekkfisk i augebolt fjell
- 5 stk Glidelager 12 mm wire
- 40 m Sauenetting festing oppe og nede for sikring
- 50m Ståltrad til festing sauenetting

Dekke:

- 30 m 1,5 x 3 toms imp til tverrtre (33 stk a 80 cm)
- 66stk Krampar 12 mm innvendig til festing av tverrtre
- 60 45m 1 x 6 toms imp. Farved
- 2 stk pk. a 250 terasseskruer 4,8 x 75
- 17 17 m 1 toms firkantnetting 50-60- cm breidd sklisikring

Lager fiskehus:

Ja alt ??

8 stk

2 stk

4 stk

Aurland 8.april 2021

Håkon Øydvin

